



Justisdepartementet
Lovavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref:
201024353-13

Dato:
09.02.2011

HØRINGSUTTALELSE OM UTVIDELSE AV VIRKEOMRÅDET FOR STRAFFERETTSLIGE SÆRREAKSJONER

Vi syner til oversending 22. oktober 2010, der høyringsinstansane vert bedne om å gje ei fråsegn kring framlegga som kjem fram i høyringsnotatet. Etter kontakt per telefon har vi fått utsett høyringsfristen til i dag.

1. Høyringsinstansane vert særleg bedne om å uttale seg om kriminalomsorgen bør ha ei rolle ved gjennomføring av den nye særreaksjonen.

Kriminalomsorgen sine oppgåver er å gjennomføre straff og å stille varetektsplasser til disposisjon for politiet. Desse oppgåvene set rammene for kva kompetanse kriminalomsorgen er satt opp med og korleis fengsla og friomsorgskontora er bemanna.

Gjennomføring av straff føreset at domfelte har vore straffrettslig tilrekneleg på gjerningstidspunktet og at vedkomande er i ein slik helsemessig forfatning at det ikkje er grunnlag for å gje soningsutsetting etter straffeprosesslova § 452 eller straffeavbrot etter straffegjennomføringslova §§ 35 og 57. Om kriminalomsorgen skal byrje å gjennomføre reaksjonar mot personar som ikkje er straffrettslig tilreknelege, vil det difor innebære ei monaleg utviding av vårt virkeområde. Dette vil i så fall krevje at kriminalomsorgen må bygge ut kompetansen og etablere nye anstaltar som er tilpasse det å skulle gjennomføre ein slik særreaksjon. Ei slik utviding vil innebære at grensene mellom straffegjennomføring og behandling vert mindre klare, med dei uheldige følgjene dette kan ha.

Gjennomføringa av tvungent psykisk helsevern og tvungen omsorg vert i dag utført at allereie etablerte instiutsjonar. Desse institusjonane har gjennomført liknande reaksjonar over lang tid, og har såleis ei bemanning og kompetanse som er tilpassa gjennomføringa av tilsvarande reaksjonar. Kriminalomsorgen region øst antek at å styrke desse til å kunne gjennomføre ein slik ny særreaksjon, vil vere langt meir føremålstenleg enn å skulle bygge opp ein ny kapasitet hjå kriminalomsorgen. Kriminalomsorgen region øst støtter difor framlegget i utkastet pkt. 4.2 at reaksjonen bør verte gjennomført i dei regionale tryggingsavdelingane.

Når det gjeld oppfølging etter gjennomført reaksjon, står det i framlegget pkt. 4.3 at ein føreset at samarbeidande etatar, herunder kriminalomsorgen, tek sin del av utgreiingsarbeidet og den vidare oppfølginga. Friomsorgen gjennomfører straff for personar utanfor anstalt. Om friomsorgen skal ta del i dette arbeidet, vil dette bryte med rolla kriminalomsorgen har som straffegjennomføringsetat. Ei utviding av mandatet til også å gjennomføre særreaksjon for utilreknelege lovbrytarar, vil krevje oppbygging av heilt nye kapasitetar, som andre etatar som NAV, og helsetenesta allereie sit på. Region øst meiner difor at kriminalomsorgen ikkje bør ha nokon rolle i dette arbeidet.

2. Målgruppa for den reaksjonen som framlegget gjeld vil kunne tidlegare ha gjennomført straffereaksjon. På grunn av regelverket i personopplysingslova, vil ikkje anstaltane sitte med dokumentasjon kring tidlegare innsatte. Det er difor begrensa kva historisk informasjon kriminalomsorgen sit med om innsatte. Målgruppa for denne særreaksjonen er personar som ikkje er straffrettsleg tilreknelege. Vonaleg vil ikkje desse personane ha gjennomført straff. Dette inneber at kriminalomsorgen ikkje vil sitte med relevant informasjon til samarbeidande etatar.

Når det gjeld heimlane for å kunne gi ut informasjon, er vi samd i at det eksisterande lovgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg til at kriminalomsorgen kan gje ut opplysingar om innsatte. For å unngå at det vert gjeve ut teiepliktig informasjon i større mon enn naudsynt, er det viktig at avsendar i tilstrekkeleg grad presiserar kva informasjon som vert etterspurt. Vidare bør det verte presisert i regelverket at informasjonen skal gå igjennom faste kontaktpunkt, jf helsepersonellova §§ 32 og 33.

Etter fullmakt

Unni Lineikro
assisterande regiondirektør

Verner Bjerkvik
rådgjevar

Kopi: KSF